



Sandhamn 22.02.17

# Saksdokument

Årsmøte 1. mars 2017

## Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling, saksliste og dei stemmeføre.
2. Val av ordstyrar, referent og to personar til å underskrive referatet.
3. Årsmelding.  
(Utdeling av trimpremiar)
4. Rekneskap.
5. Klubbhusprosjektet.
6. Innkomne saker.
7. Medlemskontingent.
8. Budsjett.
9. Val.
10. Eventuelt.

## Saksdokument:

Sak 1 – Godkjenning av innkalling, saksliste og dei stemmeføre

Medlemmer over 15 år har stemmerett.

Sak 2 – Val av ordstyrar, referent og to personar til å underskrive referatet

Det skal veljast personar som ikkje nødvendigvis har verv i idrettslaget.



### Sak 3 – Årsmelding

Styret sitt forslag:

Sjå eige dokument, "Årsmelding 2016".

### Sak 4 – Rekneskap

Styret sitt forslag:

Sjå eige dokument, "Rekneskap 2016".

### Sak 5 – Klubbhusprosjektet

Oppsummering av prosjektet:

Klubbhustilbygget vart ferdigstilt i hausten 2016 etter ei byggetid på litt over eitt år, sidan oppstart i juni 2015. Opning og kakefest fredag 7. oktober. Ordføraren og Sparebanken Møre var til stades og overrekte gåver på høvesvis 1 500 og 50 000 kroner. Mange teikna abonnement allereie denne kvelden. No har vi omtrent 70 halv-/heilårsabonnentar.

Etter dette prosjektet, har vi lært at det er svært vanskeleg å få til slike ting på dugnad. I starten var det ganske bra oppslutnad, men jamt over har nokre få personar gjort mesteparten av arbeidet. Likevel utgjer dugnadsinnsatsen meir enn det vi la opp til i finansieringsplanen.

Alt treningsutstyr/-apparat er kjøpt i ubrukt stand. Vi har også kjøpt ein stor flatskjerm, ein DAB+-radio, og har teikna abonnement på fiber-Internett som snart skal vere oppe og gå.

I samband med tilbygget, har vi totalrenovert handikap-toalettet i den gamle delen av huset. Her er det no toalett, servant (som før) og dusj (ny). Romet har dør både til de gamle og den nye delen av klubbhuset. Døra mot gamledelen vil i utgangspunktet vere låst.

Til delar av investeringa i apparat, og garderobeinnreiing har vi fått tilskot i form av 80 000 kroner i RDA-midlar. Tilsegn om tilsvarende tilskot til TV, fiber og handikap-toalett er også gitt, og dette vil vi få så snart fiberen er installert og betalt.

Søknad om spelemidlar vart sendt inn før oppstart av prosjektet, og denne er formelt godkjent, men på grunn av kø er det usikkert kva tid vi kan få utbetalt noko. Søknadssummen er cirka 600 000 kr.

I desse dagar sender vi også inn søknad om momskompensasjon på prosjektet. Det vil utgjere om lag 250 000 kroner.

Viser til eigen prosjektrekneskap for økonomisk oppsummering forøvrig.



## Sak 6 – Inkomne saker

Ingen inkomne saker.

## Sak 7 – Medlemskontingent

Styret sitt forslag:

Kontingenten vert som før. Barn t.o.m. 15 år kr 75, vaksne kr 150, familie (2 vaksne + X barn) kr 250. Medlemmer f.o.m. 15 år har stemmerett ved årsmøte. Tillitsvalde og aktive pliktar å teikne medlemskap. Krav om betaling vert sendt ut første halvdel av året, og gjeld inneverande år.

## Sak 8 – Budsjet

Styret sitt forslag:

Sjå vedlagt dokument, "Budsjet 2017".

## Sak 9 – Val

Valkomiteen sitt forslag:

Sjå vedlagt dokument, "Tillitsverv 2017".

## Sak 10 – Eventuelt

Eventuelle saker må meldast ved sak 1 – godkjenning av sakliste.

Velkomne til årsmøte!

Med vennleg helsing  
styret i Sandsøy Idrettslag